



Historie, samtid og framtid

for området knytt til Storgata 7 og 9



Utarbeidd av Tore Aarflot i høve detaljregulering av Storgata 7 og 9

Historie, samtid og framtid for området knytt til Storgata 7 og 9



Det grønne og gule murhuset er Storgata 7. Huset til høyre er Storgata 9, borkledd med kvite metallplater. Foto tatt i 2017.



Storgata 7 og Storgata 9 ligg i området som er definert som indre sentrum av Volda. Gata på framsida av husa er Storgata, på baksida ligg Smithsgt og til høyre for Storgata 9 ser vi Seljebakken. Området som ligg vest for Smithsgt og vidare utover er Hauane. Området bak til venstre langs Nesavegen, høyrer til Vikeneset.

Historie:

Storgata 9 heiter Enggarden og Storgata 7 Mørebu.

Enggarden grensar til Storgata, Seljebakken og Smiths gt.

Mørebu ligg midt mellom Storgata og Smiths gt.

Storgata 9: Gnr/bnr: 19/17.

Storgata 7: Gnr/bnr: 19/170.

Planområdet er på om lag 1,55 daa og ligg mellom Storgata, Smithsgate og Seljebakken i Volda sentrum.

Eigarar av Storgata 7 og 9:

Storgata 7 As og Tore Aarflot/Tonje Marie N. Aarflot.



Storgata 9 heiter Enggarden. Her ser vi huset slik det såg ut i 1,5 etasje med drakehovud og skjørt på taket. Fotoet er tatt tidleg på 1900-talet. Foto: Øyvind Eng (f. 1880 d 1956)

Enggarden

I 1896 kjøpte distriktslækjar Oskar Normann Eng 1,5 mål jord av bruk nr 1. Her bygde han hus. Eng var venstrepolitkar, vart medlem av heradsstyre og vart ordførar.




Oversyn over ytre del av Volda 1894. Det vesle huset midt på fotoet som ein ser bakveggen på, er arresten.



Lensmannsbakken (Seljebakken) 1908. Huset til venstre er Enggarden, framme til høgre ser vi Føde vare, bak den Gamleheimen og Framhald. Føde vare og Gamleheimen er rivne, Framhald brann ned i 1948.

Eigedomen har vore eigd av fleire sidan den tid. I 1937 kjøpte brødrene Rasmus, Sivert og Vebjørn Aarflot eigedomen. Då Sivert tok over farsgarden på Ekset, overlet han sin del av eigedomen til Rasmus og Vebjørn. Dei dreiv prenteverk og gav ut avisa Møre frå huset. Så vart det ført opp nytt hus til Prenteverket og Møre på Enggarden i 1952. Rasmuns M. Aarflot, kona Marie og resten av familien flytta inn i det nye huset og fekk adresse Storgata 7.



Kart over Halkjelsvik 1905.

14= Arresten
58=Enggarden
73 = Framhald

Halkjelsvik brannkommune vart skipa ved kongeleg resolusjon av 21. januar 1891. Området innanfor grensene vart sett på som tettstaden i Volda kommune den gongen. Seinare vart grensene utvida etter kvart som sentrum vaks seg større og større. I 1905 vart det tatt opp eit kart over bygningane i Volda sentrum. Dette kartet vart seinare attfunne då ein reiv Rønnestadhuset for å gje plass til nye Cubus. Samanliknar ein kartet med dagens sentrum må ein kunne seie at Volda sentrum verkeleg har gjennomgått store omveltningar på desse knappe 100 åra. (Kjelde: Hilsen frå Volden utgitt i 2001)




Volda 1920, tatt frå Kalsethola. Foto: Karl Kornberg.

Vebjørn Aarflot busette seg i Storgata 9 med familie. Ein del av huset vart leigt ut til Lensmannskontor og sakfører.

Etter at Rasmus M. Aarflot døde i 1966 vart Enggarden delt mellom dei to Aarflot-familiene. Vebjørn starta opp med trykkeridrift i Storgata 9.

I Storgata 7 heldt Aarflots Prenteverk AS fram med trykkeridrift og utgjeving av avisa Møre. Storgata 7 AS vart danna i 1990 og eigedommen Storgata 7 gjekk inn i dette selskapet. Storgata 7 AS kjøpte Storgata 9 av Vebjørn og Borgny Aarflot sine arvingar, og samla med det Enggarden på nytt under ein eigar.

I dag er det Aarflot Media Holding AS/Tore Aarflot/Tonje Marie Nupen Aarflot som eig Storgata 7 As.



Første eksemplaret av Norsk Landboeblad vart gitt ut i 1810 av Sivert Aarflot, som budde på Ekset i Volda og starta opp prenteverk i 1809. Trykkekunsten lærte han av ein boktrykkarsvenn frå Trondheim. I dag heiter avisa Møre og vert gitt ut i mediehuset som har vore lokalisert i Storgata 9 og 7 sidan 1937. Møre er Noreg si eldste lokalavis og den nest eldste avisa i Noreg, som er i drift. Ei utbygging av Storgata 7 og 9 vil ta vare på og sikre vidare utvikling av både avisa og den grafiske produksjonen som vert drive i mediehuset i dag.

Mediehistorie samla i Storgata 7 og 9

Aarflot Media Holding AS og Aarflots Prenteverk AS har direkte line bakover i tid som dannar ei unik nasjonal trykkeri- og mediehistorie, starta på Ekset i 1809. Det var Sivert Knudsen Aarflot som starta det heile. Drivkrafta bak var opplysningstrongen som var drivkrafta då han søkte Danske-kongen om løyve til å starte prenteverk i 1807. Løyve fekk han i 1808 og i 1809 starta han opp med trykkeri på Ekset i Volda.

Frå 1810 gav han ut Norsk Landboeblad, som er forløparen til Møre. I dag er avisa den eldste avisa i drift på landsbygda og den nest eldste i Noreg. Berre Adresseavisa i Trondheim er eldre. Møre har hatt tilhald i Storgata sidan 1937, og er framleis eigd av familien Aarflot ved Tore Aarflot (6. generasjon) og Tonje Marie Nupen Aarflot (7. generasjon). Begge to er aktive



Historia frå oppstarten på Ekset er tatt vare på i Sivert Aarflot Museet, som ligg der det heile starta. Her er det Tore Aarflot som viser trykkmetode på den «moderne» hurtigpressa frå 1824.

drivarar av **Aarflot Media Holding AS** (AAMH), eit selskap som leverer design, reklame, digital trykk, bokbinding, ferdiggjering av trykksaker osv. I tillegg er AAMH eigar av **Aarflots Prenteverk AS** (AAP) som gir ut avisa Møre. Personane bak AAMH/AAP eig også **Storgata 7 AS**, som er tiltakshavar bak detaljreguleringa og nysatsinga.

Ved oppstarten i 1810 på Ekset, vart avisa gitt ut under namnet Norsk Landboeblad. Avisas hadde fleire namn på 1800-talet: Landboe-avisen, Postbudet, Møringen og Ugebladet. Frå 1902 har namnet vore Møre. I dag har avisa Møre moderne lokale i Storgata 7, og det vert lagt vekt på at firma bak skal vere sjølvstendige og tenkje lokal utvikling, produksjon og verdiskaping. I takt med tida er både avisa og trykkeriet fornya og utvikla. Møre vert gitt ut både på papir og på ulike digitale plattformer under www.Mre.no. Prentedelen av bedrifta er utvikla til digital trykk. I tillegg er det også starta opp med bokbindarvirke. Dermed produserer AAMH bøker lokalt, med både mjukt og hardt omslag. Bakgrunnen for denne satsinga er at svært mykje av bokproduksjonen i Noreg har blitt eksportert ut av landet, dermed er også kompetansen i ferd med å døy ut og arbeidsplassar går tapt. Med satsinga Aarflot Media Holding har gjort, tek bedrifta tak og kan levere kortreiste bøker til



Ved Sivert Aarflot Museet på Ekset er historia og utstyret frå starten på 1800-talet og framover mot 1900-talet tatt vare på.

både konkurransedyktige prisar og leveringstid. No treng AAMH meir plass til denne satsinga og produksjonen.

Sivert Aarflot Museet på Ekset har tatt vare på historia frå starten. Her er gammalt utstyr samla og historia vert fortalt gjennom utstillinga, som tek føre seg tida frå tidleg på 1800-talet og fram til 1900-talet. Sivert Aarflot Museet er organisert under Stiftinga Sunnmøre Museum.

Nybygg vil vere med på å sikre og ta vare på den spesielle mediehistoria og lokalhistorie

Oppføring av nybygget i Storgata 7 og 9 vil vere med på å legge til rette for at den stolte mediehistoria får utvikle seg og leve vidare. Eksisterande bygg i Storgata 7 skal integrerast i den nye bygninga, og vil sikre nødvendig utviding for mediebedriftene Aarflot Media Holding As og Aarflots Prenteverk AS. I dag har bedriftene ni personar fast tilsett, i tillegg til fleire personar som jobbar helg og på freelancebasis.

I og med at det er same eigarar av Storgata 7 AS, som av selskapet som gir ut Møre, er dette eit forhold som vil vere med på å ta vare på den over 200 år gamle avis- og trykkerihistoria. I tillegg vil den vere med på å sikre at den unike næringslivshistoria går vidare inn i framtida med berekraftig næring rundt seg.

Reint lokalhistorisk vil det ta vare på og styrke aktiviteten som har vore i området frå gammalt av. Både når det gjeld næringsliv og at dette var eit område folk budde i. Det vil også vere med på å sikre utstrekninga av Volda sitt gamle sentrumsområde, med god blanding av næring og busetnad.



Første flyfotoet av Volda sentrum tatt i 1934. Her ser vi både Storgata, Lensmannsbakken (Seljebakken) og Smithsgt. Til høyre for Enggarden ser vi posthuset, bak posthuset Fødevarer, til venstre ser vi Gamleheimen og rett til venstre ser vi Framhald.



Krysset mellom Storgata, Kyrkjegata og Lensmannsbakken (Seljebakken). Foto frå 50-60-talet.

Storgata


Nedre del av Storgata, vart bygt i traseen av ein gangsti som vart kalla «Pilestredet», og gjekk frå krysset Kyrkjegata/Seljebakken og nedover mot Sjøen. På folkemunnet vart den nye gata heitande Pilestredet. Øvste del av Storgata tok form frå 1950-talet, med mellom anna bygging av Volda samfunnshus og Volda rådhus.

I Storgata 9 vart Volda lensmannskontor lokalisert. Rett over vegen i Seljebakken vart lensmann Smith sitt hus omgjort til gamleheim tidleg på 1900 talet. Eit staseleg hus, men som eigna seg dårleg som gamleheim. På andre sida av Storgata vart Volda postkontor bygt, med mykje aktivitet frå tidleg morgon til seine kvelden. I området har det vore Blomsterhandel, matbutikk og fleire andre butikkar/tenester, til ulike epokar. Litt lenger nede i Storgata var det Margarinfabrikk, skomakar, skreddar, drogeri og hotell. I Smithsgt var det mellom anna kolonialbutikk, skreddar, bad og i eldre tider også arrest. I Doktorvegen heldt fotograf Kornberg til og han hadde fotoatelier og fotoforretning. Framhald, som var Volda sitt forsamlingshus med kino, festsal osv. var nabo til Kornberghuset, skilt med ein brannvegg. Kornberg sitt atelier vart totalskadd i brannen. Framhald brann 12/12 1948.



Foto av området vi i dag kjenner som krysset mellom Storgata, Kyrkjegata og Lensmannsbakken (Seljebakken).

Til venstre ser vi huset til dr. Eng, Framhald og Gamleheimen. Fremst ligg det stein til grunnmuren til det gamle Posthuset. Pilestredet (no Storgata) er berre ei smal rås. Toget på veg nedover Lensmannsbakken er russetoget 17. mai 1914. Foto: Hilsen frå Volden.



Panoramabilde fra Volda ca 1920. Frå venstre ser vi Vikeneset, så Skjåbergvika og Volda sentrum. Foto: PAUL Mork/Hilsen fra Volden.

Området frå Vikeneset, Skjåberghaugen til opp under Severinhaugen

Som kjent utvikla Volda seg frå området rundt Rotsetfjøra og Garvarbuda. Frå 1880-åra utvikla sentrum seg i Halkjelsvik, utover mot Vikeneset og oppover mot Severinhaugen, for alvor.

Per Aarviknes og Voldasoga om «Tausakjerringsgata», Skjåbergvika, Vikeneset og Sevrinhaugen

«Når det i kyrkjebøkene og andre gamle kjelder er n. så ofte om folk at dei budde på Vikeneset, så er det vel helst det området som er meint, som låg i Skjåbergvika mellom Vikeneset og Skjåberghaugen. Her låg det frå gammalt mange hus og hytter, som tente til bustad for folk. Dei låg i eit passande terreng, som heldt desse småkårs-folka borte frå gardsbruket. Desse folka kunne i vinnene derimot vere til god hjelp for gardbrukarane.

Opp gjennom dette området vart litt om senn den såkalla «Tausakjerringsgata» til. Det var vel inga gate, men meir ei rås, som før hundreårsskiftet rakk heilt frå Skjåberghaugen (om lag der Narvesen har hatt lokale) og opp under Severinhaugen. Langs etter denne vegen var ei mengd små husmannsstover, skrøpelege små «kryp-inn» for eldre folk, som i sin ungdom hadde tent rundt på bygdene og kanskje samla seg nokre skillingar så dei fekk kjøpe seg ei lita stove. Livet var ikkje til å misunne dei; men det var vel betre enn livet var for dei som



Smithsgate. Fotografert rundt 1910. Foto: Hilsen fra Volden.

måtte gå på legd, eller fekk omgangslegd. Desse gamle greidde seg vel så nokolunde, så lenge dei hadde si arbeidskraft; dei spøta, spann og arbeidde for folk. Nokre av desse stovene åtte kommunen. Etter dei lover som var, var det ikkje alltid greitt for forsorgsstedet; her var ingen aldersheim før 1908.»

Kjelde: Per Aarviknes – Voldasoga I – Gardar og slekter. Side 304-305.

Vidare i artikkelen vert folk som budde i området omtalt. Nede på 306 og oppe på side 307 held artikkelen fram:

«Nokre næringsdrivande finn ein her, som alt tidleg slo seg ned. Det var skreddarar, snikkarar, skomakarar m.m. Nokre av desse er omtala før. Både skreddarane og skomakarane hadde bustad i Halkjelsvik, men dei reiste rundt på bygdene og sauma sko og sydde klede etter mål når folk hadde bruk for det. Bakaryrket ser ein og vart drive alt tidleg. Det var naturleg å slå seg ned her, særleg etter 1850-åra, då Halkjelsvik meir og meir vart eit sentrum, og etter 1860, då høgre skular kom til.»

Etter dette avsnittet er det lagt inn meir informasjon om personar som budde i området.



Det første flyfotet tatt av ein del av Volda sentrum. 1934. Foto: Hilsen frå Volden.

På side 308 held informasjonen om området fram:

«Som ein ser, vart denne byggesektoren ut mot Vikeneset alt tidleg teken i bruk. Ned mot Skjåbergvika budde Reinholtfolket alt i 1830-åra, og litt om senn kom dei små husmanns- eller tausakjerringsstovene til. Her vart ei ny rås mellom desse låge stovene, som fekk namnet «Tausakjerringsgata». Alle desse gamle bygslesetlane for kvar einskild hushytte er det ikkje råd å finne i dag, dei vart ikkje alle tingesne. Ein høyrer stundom folk fortelje om nokre av dei, og kor dei freista tilværet. Det var vel ikkje lønsamt for bøndene heller med den vesle grunnleiga av desse små stovene. Det var ofte armoda som var husherre i hushaldet til desse fattige folka. I så måte må det vel ytast honnør til grunneigarane i Halkjelsvik, at dei let desse gamle kvinnene få byggje seg eigne hus.»

Etter dette avsnittet er det lagt inn meir informasjon om personar som budde i området.

På side 310 vert informasjonen om området langs «Tausakjerringsgata» avslutta.

«Der dei gamle stovene var, er det no bygt betre og tidhøvelegare hus, så det er berre minnet om dei som lever att.



STOVA TIL Kaffi-Sesilie 1897. Stova stod på Selje-bakken, rett over vegen for Brekke-huset. Sesilie sit på dør-trammen og framfor henne er fru Nille Ringstad. Ved sida sit Severine Mork med dottera Ragna på fanget. Foto: Hilsen frå Volden.

Seljebakken:

«På nedre side av vegen ved Lensmannsbakken var før kalla Seljebakken Her voks seljeskog, og det var opphav til namnet.»

Kjelde: Per Aarviknes – Voldasoga I – Gardar og slekter. Side 310.

På side 311 fortel Aarviknes om ei hending i eitt av husa, som vart kjøpt i 1890-åra.

«Dei kjøpte ei lita stove som vart kalla «Seljekyrkja», av di ho stod under ei gammal seljebuske på Seljebakken. Ei gammal tausakjerring hadde budd i stova, og av og til endå selde ho kaffi til kyrkjefolket. Dette huset kjøpte me og fekk tomt i Tausakjerringsgata. Ein kveld me hadde 17de Mai-dans, datt heile golvet ned og me fann oss att i kjellaren. Heile byggefanget var so rote at det var ikkje til bots å sjå.»

I området ved Seljebakken lå også forsamlingshuset Framhald, som vart nytta til kinolokale, til det brann 12/12 1948. Her hadde også Karl Kornberg fotoatelier.

«Nede ved sjøen var det sjøbuder på rekkje og rad, med heisevinder og breie dører til å opne og ta mot varer som alltid kom sjøvegen. Kaiene til rutebåtane som Volda Dampskipsselskap åtte, seinare M.R.F. sine båtar og Søndmøre Dampskipsselskap sine, er no og borte.»
(Aarviknes s-311)

Aarviknes sine Voldasoger vart trykt på 70-talet. Band 1 i 1970.



Det som i dag er Halkjelsgata fotografert i 1927, med hus tett i tett. Foto: Hilsen frå Volden.

Foto Storgata 7 og 9 – foto tatt i 2018



Storgata, sett frå nordaust.



Smithsgt., sett frå sørvest.



Storgata.



Smithsgt., sett frå nord.



Storgata, sett frå søraust.



Smithsgt.

Planlagt bygg i Storgata 7 og 9



Storgata, sett frå nord.




Storgata, sett frå sør.



Sett frå sørvest.



Smithsgt., sett frå nord.



Smithsgt., sett frå sør.